

*Sparebank 1 Lom og Skjåk  
Årsmelding 2007*



*Folkemusikken i Ottadalen*

# Folkemusikken i Ottadalen



Vi har ein sterk folkemusikk-tradisjon i Ottadalen. Nettopp folkemusikken er kanskje den delen av kulturarven vi er flinkast til å føre vidare. Tradisjonen blir for mange ført vidare på same måte i dag som for 200 år sidan - gjennom at unge veks opp i eit miljø der folkemusikken er ein viktig del av dagleglivet. Mange får interesse og gjevnad for folkemusikk i fødselsgåve. Etter kvart som dei veks opp, lærer dei av aktive spelmenn og songarar i nærmiljøet.

Mange kan dele æra for at folkemusikken har den posisjonen han har i Ottadalen i dag. Namna til nokre av desse dukkar stadig opp, medan andre har vore meir anonyme og arbeidd i det stille.

Likevel har dei vore viktige for å formidle musikken vidare til nye og yngre spelmenn. For å understreke kor viktig dette er, tek vi med eit sitat frå boka "Den vare tonen" av Arvid Møller der Hans W. Brimi uttala: "Alle aktive og ærlege spelmenn i kvar einaste bygd gjer ein stor innsats ved å ta vare på gamle slåttar og føre dei vidare. Det er slik at alle har noko å gje. Korkje meisterspelmannen eller pedagogen held liv i norsk folkemusikk. Det er den vanlege bygdaspelmannen som representerer den levande folkemusikken. Dersom han blir borte, dør folketonane. Så enkelt er det. Og så alvorleg."

*Gustav Wentzel laga denne kvardagskildringa i 1915 eller 1916 antakeleg med motiv frå Vågå. Jon Faukstad eig maleriet. Foto utlånt av Aase Marstein.*

I ei så kort framstilling om denne, er det uråd å ta med alt og alle. Plassomsyn har tvinga oss til å gjera eit utval både når det gjeld personar, omfang, instrument, dans, arrangement og bildeutval. Vi har valt å ta for oss den instrumentale musikken med hovudvekt på fela. Utvalet er prega av bakgrunnen vår, det vi har fått greie på gjennom informantane våre og den litteraturen vi har hatt tilgang til. For den som er interessert i å setja seg grundigare inn i stoffet, viser vil til litteraturlista på slutten av heftet.

### **Kva er folkemusikk**

Det finns mange definisjonar på folkemusikk, og dei har endra seg over tid. Store Norske leksikon (Kunnskapsforlaget 1999) definerer folkemusikk som den musikken ei folkegruppe har gjort til sin eigen. Folkemusikken er forskjellig frå dei profesjonelle muskarane sin kunstmusikk som er nedteikna og avslutta verk. Denne forståinga er knytt til musikalsk stil, sjanger, funksjon, bruk, munnleg overlevering, framføringspraksis, sosiologiske og etniske krav.

I boka Trollstilt (Gyldendal 1998) definerer sosialantropolog Jan-Petter Blom folkemusikk slik:

”Folkemusikk er ein del av det totale musikkinventar i eit samfunn. Det vil seia eit sett av musikalske normer - sjanger, former og framføring - som har særleg verdi i kraft av å vera tradisjon, i kraft av særpreg som viser etnisk, nasjonal og lokal identitet utan omsyn til yrke, klasse, alder eller kjønn og som direkte og/eller indirekte blir kontrollert av individ eller grupperingar som deler desse verdiar”. Omgrepet folkemusikk betyr ikkje musikk for folk flest. Det kjem av tysk ”Volksgeit” - folkets ånd, og stammar frå den tyske filosofen Johann Gottfried von Herders (1744 - 1803). Folkemusikk er knytt til samfunnet og dei tilhøve som her gjeld til kvar tid. Derfor vil definisjonen av folkemusikk vera i stadig endring slik som samfunnet sjølv er det. Diskusjonen om kva folkemusikk skal omfatte og korleis det skal definerast ser ikkje ut til å vera avslutta enda.

### **Historikk**

Folkemusikk har funnest i alle kulturar og til alle tider. Norsk folkemusikk og dans kan ha røter langt attende. Barneviser og bårsullar utgjer ei stor gruppe som kan først langt attende i tid. Krukedans, som er dokumentert i litterære kjelder frå norrøn tid, er ein indikator på at dei har hatt ein dans som vår tids halling. I hallingdansen inngår kruking som

sentralt element. Dei eldste kjende formene er huing eller kauking, ein mellomting mellom rop og song, brukt til å kommunisere på lang avstand. Lokk vart brukt til å kalle på buskapen som var ute på beite. Folk song og dansa. Etter kvart vart instrument teke i bruk til dansemusikk. I mellomalderen kunne dei nok danse til melodiar frå ”fidle og gigje” og andre instrument, men songdansen, om lag som folkeviseleiken vi kjenner i dag, var meir utbreidd. Mange av dei kjende folkevisene kan først attende til tidleg mellomalder, og har overlevd munnleg til dei vart skrivne ned på 1800-talet. Mellomaldervisene omfattar riddarviser, kjempeviser, legendeviser (t.d. Draumkvede), trollviser, bergtakingsviser, drikkeviser og obskøne viser. Seinare kom skjemteviser, sjømannsviser, rallarviser, og shillingsviser til. Religiøse folketonar, som i stor grad består av folkelege koralvariantar, byggjer på gammalt kyrkjeleg tonemateriale, men med tekstar av Peter Dass, H. A. Brorson og Tomas Kingo som sentrale i tradisjonen.

Bruk av ulike instrument har vore utbreidd i fleire tusen år. Å slå to steinar mot kvarandre gav lyd og rytme. I Lom har vi ”Syngjarstein”, og slike finns mange stader. Bruk av ulike trestykke til å lage lyd, enten for å skræme udyr eller som leika for born, har og vore brukt. Trommer, runeboom og ulike blåseinstrument vart brukt i religiøse seremoniar. Norrøn mytologi fortel om guden Heimdall som bles i Gjallarhorn for å varsle Ragnarok, og frå saga veit vi at det vart blåse i horn i samband med kamp. Islandske ættesoger, Snorres Heimskringla, Edda og Olaus Magnus: Historia om de nordiske folken (Gidlunds förlag 1982) fortel om strengeleik og andre instrument. I Didrikssoga står det om leikaren Isung: ”Ek kan slå horpu ok draga fidlu ok gigju”. Her meines det nok munnharpe og strengjeinstrument som var forløparen til fela.

Sikkert er det at så tidleg som i Vikingtida møtte nordmennene kyrkjeleg og verdsleg musikk, song og dans på ferdene sine. På same måten som dei vart påverka av byggeskikk, treskjering og religion dei lærde å kjenne, vart dei påverka av musikken og dansen og tok med seg inntrykka heim att. Slik er det døme på frå kristen mellomalder. Notefragmentet frå 1100-talet av St Thomashymnen som vart funne under utgravningane i Lomskyrkja, er prov for det. I mellomalderen var dei som var knytte til kyrkja del av ein felles europeisk kultur, men dei førde ikkje nødvendigvis berre religiøs musikk med seg. Kanskje fann også enkelte av mange omreisande trubadurar i Europa vegen til Norden og Norge. Slike songar vart i alle fall omsette for dron-

ning Eufemia, dei såkalla Eufemiavisene, og er rekna som starten på balladetradisjonen.

I dansketida måtte mang ein unggut frå Ottadalsbygdene gjera militærteneste i hæren til den dansk-norske kongen. Ein del ungdomar var spelmenn, og dei kan ha skaffa seg gode instrument i Tyskland eller Danmark. Felles for dei alle var at dei møtte musikk, dans og song frå dei store kultur nasjonane i Europa og tok det med seg heim att. Både dansen og musikken vart raskt lært vidare til andre. Ufred og krig førde utanlandske tropper til våre kantar. I 1612 for "Skottoget" frå Romsdalen over Lesja og Dovre, og enda si ferd i slaget i Kringom. Nokre skottar skal ha busett seg i Gudbrandsdalen. Det blir sagt at ein kan ane tonar av sekkepipe i "Goroleikjom." Soga om Skottoget fortel at desse marsjane og hallingane vart spela av Pillar-Guri og Sicclair på ein slik måte at det vart ein dialog mellom dei to. Slåttane har eit alderdommeleg preg, og skal vera dei fyrste frå Ottadalen som vart nedteikna.

Under unionen med Sverige tok arbeidet med å bygge ein norsk nasjon til. Nasjonalromantikken la vekt på å få fram det særnorske, og bygdekulturen med særeigen byggeskikk, folkedrakter, folkemusikk og folkekunst vart sett i høgsetet. Arbeidet med å samle norske folketonar, både song og instrumentalmusikk, kom i gang. Samstundes reiste unge kunstnarar rundt i fjell, fjordar og dalar for å feste norsk natur på lerretet eller teikneblokka. I siste halvdel av 1800-talet vandra fleire unge musikkarar rundt i norske bygder for å høyre på og skrive ned folketonar som seinare vart brukt i klassiske musikkstykkje. Møtet mellom Gjendine Slålien og Edvard Grieg på Skogadalsbøen sommaren 1891 har vorte legendarisk. Gjendine sulla og song for barnet til syster si, og Grieg fekk "Gjendines Bådnåt." Grieg møtte Per Spelmann to gonger, og Gjendine heldt han kontakt med til han døydde.

Da jernbane- og vegbygging skaut fart på slutten av 1800-talet, reiste mange frå Ottadalen på anlegg. Ein del anleggsarbeidarar kom hit for å bygge vegar. Folk frå mange kantar av landet og jamvel frå andre land møttest. Særleg var svenske anleggssluskar godt representerte, og dei har tydelegvis vore gode til å synge og spela. Dei mange rallarvisene som er bevart, daterar seg frå denne perioden. Med betre kommunikasjon og større mobilitet auka påverknaden og importen av utanlandsk musikk.



*Per Spelmann, (1830-1907) skal ha møtt Edvard Grieg to gonger. Foto henta frå Heim og Bygd 2001.*

Grammofon og grammofonplater kom tidleg til Ottadalsbygdene. Dei fyrste platene var innspelingar av kjende hardingfelespelmenn, og desse vart svært populære. Kristen Vang, Skjåk, spelte inn plate med slåttar tidleg på 1930-talet, og han var truleg den fyrste frå Ottadalen. Seinare har det vorte tallause innspelingar av mange spelmenn frå dalen. Kringkasting og radio vart utbygd, og den fyrste direkte sende folkemusikk-halvtimen gjekk på lufta i 1932 med Eivind Groven som programleiar. Dette vart straks eit populært program. Men det var fåe som hadde radio, og dei som ikkje hadde, vegra seg for å trenge seg på for å høyre på folkemusikk-halvtimen kvar sundagskveld. Mange spelmenn frå alle tre Ottadalsbygdene var i studio i Oslo og spelte på direkten. Kristen Vang, Ola Moløkken og Ola Åsen var blant dei fyrste i 1933. Seinare, i 1934, hadde Rikkar Skjelkvåle, Sylfest Stamstadbakken og Hans W. Brimi kvart sitt program. Per Brenden, Jakup og Pål Skogum frå Vågå og Sigurd Eggen, Lom var og med i fleire program før krigen.

Å låte i kringkastinga var ikkje berre enkelt. På direkte sending skulle dei ikkje trampe takte slik dei gjorde til vanleg. Oluf Haugom, som var ein livat kar, fortalde frå da han let på direkten i 1935: "Eg var meint på å trå takte, og hadde lyfta opp foten da eg kom på at det skulle ikkje vera tramping i kringkastingen. Da tordest eg ikkje setja nedpå att foten før eg var ferdog med leikje".



Kristen Vang frå Skjåk (1902-1979) spelte inn slåttar på plate alt tidleg på 1930-talet. Foto utlånt av Skjåk historielag.

Seinare vart folkemusikkhalvtimen sendt i opptak. Etter at Rolf Myklebust vart leiar for Folkemusikkhalvtimen i 1952, vart det gjort ei mengd opptak og sendt mange program frå Ottadalsbygdom. På slutten av 1960-talet vart det vanleg med fjernsyn, og det vart gjort mange program, spesielt om gamaldans.

Sjølv om mykje er likt i dei tre bygdene, kan vi likevel finne ulikskapar i måten å låte på og i slåttetilfanget. I Vågå var embetsverket representert i mykje større grad enn i Lom og Skjåk, og det fekk sitt å seie for musikklivet. Vågå var tidleg ute med hornorkester, og alt på 1880-talet kom strykemusikken i gang. Fleire felpelmenn vart med, og dei lærde seg noter og fekk tilgang til salongmusikk. Dette var turdansar som var meir vanleg på storgardane på Hedmarken enn her. I dag har Vågå strykeorkester oppstått på nytt, og spelmenn frå alle Nordalsbygdene er med. Utover på 1970-talet tok interessa for fele seg opp att. I dag er rekrutteringa til spelmannslaga svært god, og laga har både senior og junior grupper.

## Gamaldansen tek over

Fela og felmusikken hadde generelt ein tilbakegang i popularitet på 1950- og 60-talet, da gamaldansmusikken overtok fullstendig på festane. Dei mest populære var i lang tid Ola Opheim og Oddvar Nygård. Mange trekkspelarar tok til å spele saman i grupper og halde konsertar. I Vågå var Hjalmar Moen og Jørgen Stasviken sentrale i dette miljøet.

I fleire bygder kom det i gang organiserte trekkspelklubbar. Skjåk var tidleg ute med Hjalmar Moen som fyrste leiar. I 1976 vart Vågå Trekkspelklubb stifta med Asmund Karusbakken som leiar. Dei neste ti-åra dukka det opp mange andre grupper som spelte gamaldans. Fleire av dei vart landskjende. Det vart arrangert fleire tevlingar på TV. Det gjorde nok sitt til å auke interessa for gamaldansmusikken. Nye Rignesin har til og med fått Spelemannsprisen.



Jutullaget er ei av mange aktive gamaldansgrupper i Ottadalen. Dei har gjeve ut tre cd-ar; "Jutullaget" i 1997, "Luringen" i 2000 og "Trivle" i 2005. Stoffet kjem hovudsakeleg frå norddalsbygdene Vågå og Lom. Mykje brukte kjelder er Ola Kampen, Jakob Skogum, Ola Opheim, Knut Kallbakk, Tor Tessnes, Hans W. Brimi, Erling Kjøk, Sigurd Biløygard, Sigurd Eggen, Lars Haugtrædet og Kristian Gården. I tillegg lagar Jutullaget ein del melodiar sjølve. Frå venstre Stig Ove Kveen, Svein Ove Brun, Bjarne Odde, Jon Amund Karusbakken og Inge Gjevre. Foto: GD.

# Instrument-tradisjon

## Syngjarstein

Finns Noregs eldste musikkinstrument i Lom?, spør Leif Løchen i boka "Frå skorofele til salmodikon". Han viser til "Syngjarsteinen", som gjorde så stort inntrykk på biskop Peder Hersleb på visitasreise i Gudbrandsdalen i perioden 1733-36, Gerhard Schønning i 1775 og H. Hjorthøy i 1785. Alle tre fortel at steinen var blant det som var mest interessant å sjå i Lom.

Steinen må ha hatt mykje å seia for bygdefolket i tidlegare tider. Kanskje var steinen brukt som kultstad. I alle fall blir det fortalt at når ein slo på steinen med ein liten stein, kunne ein få fram tonane C, E og G. Eit misslykka forsøk på å flytte steinen skal ha ført til at det vart mindre lyd.

## Munnharpe

Munnharpe vart lenge brukt til dansespeling. I ei lita timbrastugu let ho godt, og ein god munnharpespelar kunne få ljoden sterk nok til at dei som dansa hørde melodien. Karane måtte trå varlegare i dansen enn elles for ikkje å overdøve munnharpa. Det har gått gjetord om mang ein god munnharpespelmann gjennom tidene. Klomsro-Jens hadde med seg munnharpa der han for. Ivar Kleiven fortel om da han let åt hulderfolket på Sterringen.



I nyare tid vart diktaren Olav Aukrust rekna for å vera god på munnharpa. Hans Langøygard, far hans Johannes, skulle vera god til å låte på "Kjeft-perra", som han kalla munnharpa si. Ein del smidde seg harpe sjølv. For å ta vare på instrumentet, vart det laga harpeskrin eller munnharpehus som ofte var svært forseggjorde med utskjeringar og smijern. Slike finns det gode eksempel på i Vågå.

## Fele

Forløparen til fela var mest truleg "fidle" og "gigje," dei to strengeinstrumenta dei brukte i mellomalderen. Slike har det sikkert funnest i Ottadalen også. Fyrst på slutten av 1600-talet og tidleg på 1700-talet vart fela slik vi kjenner ho i dag vanleg. På denne tida hadde dei store felemakarane i Europa klart å lage eit instrument som ingen til nå har klart å lage betre. Ei fullt oppstregga fele er sett i hop av 74 ulike delar, blir det sagt. "Fela er eit veonder av snikker og treskjerarkonst", skriv Erling Kjøk i boka Ei Spelmannsoge. Spelmennene på landsbygda tok heilt sikkert denne fela i bruk så fort ho kom til Norge. Det var mykje ferdsel gjennom dalføret, og i Kristiania trefte spelmennene på all nymotens greier, både instrument, dans og musikk.



Fiolinmakarmeister Helge Bergnord i full sving i verkstaden sin i Vågå. Foto: Visus.

Det fanst spelmenn som bygde seg fele sjølv, men det er ikkje liketil å få til ei god fele. Knut Rudi, felemakar frå Valdres, sa: "Ein amatør kan slumpe til å gjera ei god fele, men han gjer ikkje tvæ." Den kjende treskjeraren Jakup Sæterdalen (1740-1820) frå Lom var også spelman, og han bygde tre feler før han fekk til ei han var tilfreds med. Mange har prøvd seg som felebyggjarar gjennom tidene, men fåe er dei som verkeleg har lykkast i å lage gode feler. Ola Eide på Lalm, var sjølv lærer og bygde mange feler, og var rekna som ein god felemakar. I nyare tid har vi Sevald Bismo frå Skjåk (Oslo), og Helge Bergnord i Vågå. Båe er utlærde fiolinmakarar og spelmenn.

Gode feler vart namnsurde, og det vart betalt godt for dei når dei skifta eigar. Ivar Kleiven fortel at da Rolv Gaupar, som var god spelman, reiste til Amerika i 1862, kjøpte Fel-Jakup fela hans for 12 tylfter river. Kor mykje det er i dagens valuta er vanskeleg å si, men det utgjorde i alle fall meir enn ei årsløn for ein husmann den gongen. Det gjekk

gjetord om dei beste felene, og dei fekk namn. Fel-Jakup hadde mange feler, sume fekk han og andre kjøpte han. "Gamel-Gråa" var namnet på ei fele som Per Spelmann angra på all sin dag. Han hadde tinga på og fått lovnad på fela, men mista ho i fylla. Nyare feler har ofte fått namn etter den som bygde fela. Ei anna historie viser at spelmennene personifiserte felene sine. Det blir fortalt at Fel-Jakup og ein annan kar var på veg for å spele ein stad, og som vanleg hadde Fel-Jakup fela si på ein knapp under frakken nær hjarta. Dei reiste på ei sveilkule, og Fel-Jakup var redd for å slå sund fela si, og han skal ha sagt: "Gud hjelpe oss alle tri nå lell!"

Felskrin, felkasser eller felstokk vart ikkje vanleg før på 1900-talet. Spelmenn som Else Lars Kjørren (1824-1893), Per Spelmann (1830-1907) og Gamel-Ringnesin (1811-1902) bar felene sine i tørkle. Utan noko til å beskytte fela, var det fort gjort å få skade på instrumentet. Det kunne ofte gå hardt utover fela på andre måtar og. På auksjon og marknad var det ofte mykje fyll, og det kunne bli knuffing og kiving. I tronge stugu med mykje folk, var det fort gjort å slå borti ei fele så halsen datt tvers av, eller fela kunne få andre skadar. Da var det naudsynt at spelmannen kunne reparer fela si, og dei fleste hadde kunnskap om slikt. "Ei fele som vart sundslege og samanlima att vart mykje betre enn før", sa mange gamle spelmenn.

Ein utfløtt skjåkver, Ola Jonsen Kjekken (f. 1832), var med og starta musikkfirmaet Farre i Kristiania i si tid. Frå Farre kom det feler med ferdmenn og fehandlarar til Ottadalen. Spelmennene kjøpte og selde feler på Romsdalsmarknaden og på Fjerdingsmarknaden, og dei bytte feler eller kjøpte feler av kvarandre. Kan hende let dei seg lure om det var ein god seljar, slik ei felhandlarrispe fortel: Fyrst i 1960-årom for ein sigøyndar med ein "italiensk violin" som han ville byte bort mot eit mellomlag på 300 kroner. Lokalavisene kunne seinare melde om at da mange av spelmenne møttes trast etterpå, kjende dei att felene sine hjå kvarandre.

Det var feler av ymse slag materiale også. Tater Lars som for i Ottadalen før fyrste verdskrig, lodda i hop ei fele av blekk. Ho vart heitande "Blekkfela", og Johannes Langøygard kjøpte ho som fyrste fela si for 5 øre. Seinare for ho gardmellom som opphavsmannen sin, og enda til slutt på eit stabburstak der ho vel rusta opp til slutt. På 1920 talet var det billege fabrikkfeler å få tak i. Dei kunne kjøpast i bokhandel eller skrivast heim frå Utstyrsmagasinet. Prisen var ca. 20 kroner og kvaliteten var sik-

kert deretter. Det var ofte med eit notehefte med enkel musikk frå Europa. Sidan fleire av spelmenn kunne noter, lærde dei leikane og brukte dei. Dei heldige kunne få fele frå slektningar som hadde utvandra til Amerika.

Fela var proletariatets instrument, skriv Hans P. Hosar i Bygdebok for Skjåk. Særleg midt på 1800-talet var det mykje armod blant spelmennene. Fela vart sett på som djevelens instrument. Særleg etter at læra til Hans Nilsen Hauge slo rot i enkelte bygdelag, gjekk det hardt utover feler og spelmenn. I Skjåk, i grenda der Fel-Jakup budde, var haugianarane ivrige.

Fleire spelmenn vart vakte og la frå seg fela for godt. Mange slo sund instrumenta eller brende dei opp. I religiøse krinsar hekk hatet mot fela og felemusikk i lenge. Erling Kjøk fortel i Ei Spelmannsoge om at han og Hans W. Brimi vart nekta å ta med seg felene inn i kyrkja, og måtte legge dei att på kyrkjegardsmuren ved Lomskyrkja så seint som i 1947. Ikkje før Georg Hille vart prest i Lom i 1963 vart fela og felemusikk akseptert i kyrkjene. Tidene endrar seg. I dag er det vanleg med fele i bryllaup og gravøl i kyrkja. Det blir halde folkemusikkmesser og konsertar, til og med gamaldansen har vorte invitert inn i kyrkja i Skjåk.

### Trekkspel

I Ottadalen rådde den vokale musikken og fela grunnen til langt ut på 1800-talet. Dei fyrste trekkspela vart laga i Wien i 1820 åra og vart fort eit moteinstrument. I 1860-åra starta serieproduksjon av trekkspel i Tyskland. Ottadalen var tidleg ute, allereie før 1870 er trekkspelet på plass i dalen. Fyrst kom eittrader og dernest torader trekkspel i bruk. Seinare kom dei større spela. Trekkspelet vart fort populært av mange grunnar. For det fyrste vart fela sett på som djevelens instrument. Å spela fele var synd. For det andre var det sterkare mål i trekkspel enn i fele. Og for det tredje var det for mange lettare å lære å låte på trekkspel enn på fele. Dei moderne dansane, som kom inn frå Europa på slutten av 1800-talet, eigna seg godt på trekkspel. Såleis fekk trekkspelet raskt ein større plass mange stader.

Fleire spelmenn let både på fele og trekkspel. Ein av dei var Iva Vetlsæter (1848 - 1924) frå Nordherad. Han spelte både på eitt-rader og fele. Ein annan er Kampe-Ola - Ola Pålstugun frå Vågå. Når han skulle spela brurmarsj og springleik, brukte han støtt fele. Andre leikje spelte han helst på trekkspel.



*Peder Rusten (1895-1965) var båtbyggjar og spelmann. Han spelte torader og fele, og lærde leikje både av Iva Vetlsæter, Kampe-Ola og Iva Waldvik. Peder var særskilt flink til å teikne og skrive. Da Gustav Vigeland var innom i Glitterheim der foreldra hans var vertskap, fekk han sjå ei teikning Peder hadde laga. Vigeland ville ha med seg guten til Oslo og gje han utdanning. Men mora, som alt hadde sett dei fleste av borna sine reise til Amerika, ville ikkje sende frå seg den yngste sonen som vart buande i Garmo saman med broren Thomas. Foto utlånt av Rolv Enersvold/Odd Husom.*



*Ein av våre dagars utøvarar er Stein Magne Eggen frå Lom som studerer ved Norges Musikkhøgskole i Oslo med trekkspel som hovudinstrument. I tillegg til tradisjonell folkemusikk driv Stein Magne og med andre musikkformer som duospel saman med fele/hardingfele. Foto: GD.*

Ola Moløkken fortalde at det også kom "felstemde Magdeburgspel" og "felstemde Varmoutspele" frå Farre i Kristiania: "Det var da desse spele kom at det riktogt vart råd med samspele millom fele og trekkspel", sa han.

### **Langleik - langspel**

Langleiken var helst kvinna sitt instrument. Kan hende er det forklaringa på at instrumentet mista status og at det knapt er nokon i Ottadalen som kan å traktere instrumentet i dag. Langleiken tapte i konkurranse med fela som har ein mykje kraftigare lyd og difor er betre eigna til dansespeling. Fleire av historiane om kvinnelege spelmenn er gamle segn slik som den Edvard Grimstad fortel om Hoftajenta som drukna: "Ingrid heitte jenta, ho vart kalla Spel-Ingrid sidan ho var så flink til å spele på langleik. Ein gong ho held på å sanke gras rett ved Bøvra som renn forbi Hoft, glei ho og stupte uti elva. Langleiken låg inne i stova der mor hennar var i ferd med å koke mat. I det same Ingrid fall i elva tok



*Goro Tråstad med langleiken. Foto utlånt av Skjåk historielag.*



langleiken til å spele heilt av seg sjølv. Mora vart forskrekka over spelet og lydde godt etter. Leiken tok til med eit rop og vart deretter stillare og stillare. Leiken vara så lenge som Ingrid kjempa om livet i elva. Mora hugsa leiken som fekk namnet Hoftaleiken.”

Spel-Sissel, Sissel Kristensdatter (1811 - 1878), var den siste som spelte på langleik i Lom. Ho var bestemor hans Ola Klepp og hennar Rønnaug Vangen, og dei hadde tonar etter henne. Tradisjonen med å spele langleik var broten i Ottadalen. Goro Tråstad frå Skjåk er den einaste vi veit om som har spelt langleik etter 1900. Ho lærde å spele av Ola Brenno frå Valdres medan ho var omvisar på Maihaugen. Goro skaffa seg langleik og ved eit høve spelte ho til og med for kong Haakon.



*Langleiken på Valbjør er ein typisk Gudbrandssdals-langleik. Den vart funne i fleire delar da dei restaurerte ei stugu for ein del år sidan, men hovudet mangla. Dette vart funne i 2007. Leif Løchen har restaurert langleiken. Han meiner den må ha kome frå Kvarberg, og at initialane som er rissa inn på eine sida refererer til Marit Eiriksdatter Quarberg. Karveskurden som er brukt til å dekorere instrumentet tyder på at det er laga på slutten av 1600-talet eller tidleg på 1700-talet. Det er ikkje umogleg at Edvard Storm kan ha høyrte Ragnhild Hammer spele på langleiken. Han nemner ofte langspel i dikta sine.*

### Fløyte og piste, horn og lur

Det vart spelt på ulike fløyter, men dette var nok ikkje instrument som vart så mykje brukt til dansemusikk. Det vart laga fløyter av bein og tre. Seljefløyte var ei sesongprega instrument og kunne berre lagast om våren. Det vart laga piste av selje, or eller til og med bjørk, men det var ikkje så mange melodiar å få til på slike instrument. I dag blir det ofte prata om tussefløyte. I Ottadalen kalla dei det tysfløyte, som truleg betyr tysk fløyte - at fløyta var laga i Tyskland. Semon Åseng (1802 - 1883) var den fyrste av fleire generasjonar fløytemakarar frå Øvre-Åseng. Åsengfløyta blir framleis produsert på garden i Heidal. I Vågå var det fleire fløytemakarar. Johan Flåten skal ha laga den fyrste fløyta til



Egil Storbekken som skapte ein renessanse for dette instrumentet. Det vart spelt på bukkehorn eller stutarhorn. Stutar-Kari frå Skjåk skulle vere ein meister til å blåse på lur og bukkehorn. Ho stuta springleikje. Frå slaget i Kringom kjenner vi til Pillar-Guri, som spelte på lur og horn for å varsle bøndene om at skottane kom.

### Tromme

Tromme er kjent frå midten av 1500-talet og var fyrst og fremst brukt i det militære. Å vera tambur var eit offentleg embete og er oppført med yrke i folketeljingane. Tromme vart eit populært instrument i gjestebod. På 1700- og 1800-talet skulle det vere med ein tambur og ein eller to felpelmenn i bryllaup. ”Når gjestane kom til bryllaupsgarden, vart dei mottekne av skot, tromme og fele ...” skriv H. F. Hjorthøy i 1785 i sin rapport frå Gudbrandsdalens prosti.

### Salmodikon

er eit enkelt instrument det finnst mange av i Ottadalen. Det kom til Norge i 1830-åra. Alle som skulle bli lærarar måtte lære å bruke salmodikon. Instrumentet har ein streng strekt over to stolar, og ein stryk over strengen med ein felboge.



## Dans - leik - slått

I mellomalderen var songleikar utbreidd, men av ein eller annan grunn vart denne tradisjonen broten her. Hulda Garborg lærde dette på Færøyane, og gjeninnførde folkeviseleik i Norge på slutten av 1800- og fyrst på 1900-talet. Dei eldste dansane vi kjenner til her er gangar, springar og halling. Turdansar med gruppeformasjonar vart på mote alt tidleg på 1700-talet, kanskje før. Dansen, som musikken, vart påverka av skiftande stil og mote. På 1800-talet kom vals, masurka, og reinlender. Desse vart svært populære. På kort tid slo dei meir eller mindre ut dei eldre dansane. Etter kvart som moten skifta, kunne springleiken bli låte som masurka og hallingen som reinlender.

## Leik og slått

Spelmennene pratar om leikje og slåtte. Leik og slått tyder om lag det same, men det er ikkje like vanleg å bruke slått om runddansleikje som masurka, reinlender, nyare skotske, galopp, polka og valsar. Slått blir helst brukt om halling, marsj og springleik - og i nyare tid om lyarslåttar.



Frå NU-stemna i Skjåk 1982. Foto utlånt av Skjåk historielag.

## Springleik

Dei eldre dansane vart dansa roleg. "Dei fylgde golve", vart det sagt. Eit utsegn er "å vera stø som ei brur." Det er vist til da ho Guri Nyrnes gifta seg: "var ho så stø på fote at ho snudde springleik med eit fullt dramglas på hovudet utan å spille ein drope".

Springleik var ein populær dans og det vart gjerne dansa mange springleikje etterkvarandre. Ei "springleikkule" betyr at fleire springleikje er låte i eitt eller etter kvarandre. Å låte 20-30 springleikje utan at spelmannen tok pause var eit karstykkje både for spelmann og dansarar.

Mange av springleikane har tekst; fleire nemner ho Stutar-Kari eller fortel om henne, til dømes denne som skildrar grisdrifta hennar:

*Så fekk eg sjå kår ho Kari sto, ho Kari sto  
Ho sto ved grinde og lokka grisin mange  
Med silkjesokke og beksåmsko, og beksåmsko  
Slør og trøye og samlebok onde arme  
/:Å grisen han krulla rompa og sprang, heinn/:  
Suram-suram-suram-suram-suradlu-rei  
Suram-suram-sadl-adlu-ramsadl-o.*



Ungdomsstemne i Lom 1947. Dans i Presthaugen.  
Foto utlånt av Knut Kjøk.

## Halling

Det går gjetord om fleire stordansarar. Særleg vart det sett pris på gode hallingdansarar. Jo Skrepphole skulle vera ein ualminneleg sterk og sprek kar. Det er mange historiar om han: "Ein gong var det ein ball på Kvarberg og Rignesin var spelmann. Det dreiv någre kare og spelte Beitplukk. Det var springleik og Galne-Vistin dansa framom og spende kortstokken innpå varmen, og med di såmå trefte'n n Jo i kjeften. Han kom 'kkje eingong tå takten. Men da vart ho golva Viste-Kjempa, og ferdog med di, gjorde 'n Jo eit hallingkast. Og så sa'n: -D'æ ingen som veit kå som bur i skreppun før loket kjøm tå!"

*... og fela døm stryk, døm drikk någå forkunt  
som froa og ryk og halling i grasé døm trakka  
(Edvard Storm, Åt Monkjè)*

*Døm trakka, tretta og tro og kruka og spende og  
spratt, stempla og gjorde rondkast i di danse..  
(herma etter Jo Grovdalen)*

Galne-Vistin, eller Ola Viste som han heitte, skapte leven og liv i lagom i Nordherad. Han var god hal-ling- og springleikdansar, men var kjend for å vera vrang og lei når han vart full. Når han var beden i lag, bad dei støtt han Stor-Sjugurd Grev ekstra, for han var den einaste ved sida av Jo Skrepphole som greidde halde styr på Galne-Vistin.

Ein annan parlaus god dansar frå Vågå var Ola Hanson Skjeidsvoll. Han var ein svært opplyst kar og var ikkje redd noko, korkje verdslege eller andre makter. Anders Skrede skriv om han: Ein gong fylgde Skjesvollen Vågåpresten Krag, Henrik Anker Bjerregaard og fleire på Jetta. ”På tur nedover en stupbratt bakke gikk presten, Bjerregaard og en til først og Skjeidsvollen bak dem. Best som de gikk gjorde fjerdemanden i følget, hallingdanseren Ola Skjedsvold, et dugelig rundkast, hivde seg i luften like over presten og Bjerrgaard, og blev stående rett fremfor dem på fjældet. Alle jublet til slikt et mesterstykke.”

Skrede held fram: I bryllaupet hans Hans Haugen i 1839, kom Skjeidsvollen kjørande gjennom bryllaupsgarden Skogbygdshaugen. Frik Haugen passa han opp og bad han med seg inn for å drikke ein skål med brudgomen. Frik bad han om å danse hal-ling, men Ola unnslo seg og sa han hadde på seg to vadmelsbukser og tunge jarnskodde støvlar. Men etter at han hadde fått nokre drammar, tok han med seg Ragnhild Kongsvoll og dansa springleik. Etter at han hadde dansa nokre springleikje, bad han Ola Nesgard, som var spelmann, om ein halling. Så bar det i veg med meisterlege svingar og kast. Heile gjesbodshopen stod handfalne og bisna på rundkasta. Han vinka til Nesgar'n etter enno ein halling. Midt under dansen kasta kjellarmann, Ola Garden, fyrst brennvinsglaset og så sjølvte buttelen inn på han. Han greip bae delar i lufta utan å stogge i takta, skjenkte seg ein dram og drakk han ut, dansa og spente i taket til høgre og vinstre. Dansa halling på hukar'n - alt så nett og lett at ein ikkje høyrde dei jarnskodde støvlane trakka på golvet. Så takka han for seg og køyrde heim. Det er likaste kunstdansen eg nokon gong har sett, sa Frik Haugen.”

Asbjørg-Sylfest i Skjåk skulle og vera ein spræk hal-lingdansar og namnspurd slåsskjempe. Det vart sagt at han vart att etter eit taterfylgje og var svartøygd. I Aksion på Tande skriv Olav Aukrust: ”Det var svartøygd tater frå nørst i Skjåk der”, og sikta til Asbjørg-Sylfest.

På eit ståk på Lindsem gjorde han seg modig og det skulle han kome til å angre på. Flekkøysmeden tok han med ei hand og slengde han oppå barveda-kosten. - Og ”N Asbjørg-Sylfest fekk visst ei luftreise den gongen som var høgre hell någå halling-kast”.

Stordansar var også ”Vetl Træin”, Ole Olsen Garmotrædet (onkel til Knut Hamsun), frå Garmo. Han farta mykje rundt på marknader og elles. Folk som hadde vore på Romsdalsmartnan eit år, fortalte da dei kom heim att: ”Det fyste oss såg da oss kom åt martnaé og inn i ei dansarbu der, va' føten åt Vetl'Træa opponde takje. Han va' før te å gjera rondkast! Han spratt beint upp og låg flat opponde takåsane, sa dei.” Elles var det ikkje berre karar som dansa halling, det hende at jentene var svært så flinke til det og.

*Dansene hans de var vilde og gale,  
mig var han saa lydig og saa tam.  
Hælen hans slog Taget i Lensmandens Sale,  
og aldrig saa jeg nogen som ham.*

Andre vers i eit dikt om Vetl'Træin  
av Knut Hamsun

# Arenaer

Der folk møttes og det fanst ein spelmann, vart det som regel dansa. Det vart sjølvsagt dansa i bryllaup og gjestebod, men også i gravøl og ved likvake var det vanleg med dans, drikk og spel heilt fram til slutten av 1800-talet. På denne tida var både bryllaup og gravøl store lag som gjekk over mange dagar, kanskje ei heil veke. Det var brura som bestilte spelmann. Ho tok han ho likte best å høyre på og å danse etter. Spelmannen skulle vera med heile tida, og det kunne bli lite søvn når folket i gjestebodsgarden helst ville danse døgnet rundt. Bryllaup stod heime der brura kom frå. Brura vart låte ut frå heimegarden og spelmannen kunne låte heilt til kyrkja. Så vart det spelt marsj frå kyrkja og heim att til bryllaupsgarden.

Per Spelmann var den siste vi veit om, som rei og spelte fele både bort og heim. Brur og brudgom vart spelt inn i stugu. Så var det grautmarsj når dei bar inn rømmegrauten. Skålhalling, eller skålleik, var ikkje ein halling dei let når det vart skjenkt dram, men ein leik som vart spelt når skåla som gjestane gav gåver i vart sendt rundt. Deretter var det brurvalsar, støtt fire, og så speling til dans. Stabbedansen var gjort anten tredje dagen eller han var siste dansen i gjestebodet. Da vart hoggestabben bore inn i stugu att. Dei som enda var att i gjestebodet, vart para saman to og to, og dansa rundt stabben før dei måtte klive opp på stabben. Der måtte dei eta av same kakebiten og drikke av

same staupe, og dei som sto rundt song ein stubb om paret. "Siste paret på stabba va' kokka med sleiven og kjellarmann' med tynntappé; og - da va tynna tom og gle'in all!"

Det vart dansa i ulike lag som når budeiene skulle reise heim frå setra, på julbukkbollar, korgfestar, jentelag og klubbball. Jentelaget var det jentene som bad inn til, klubballe heldt gutane. Dei som reiste til Amerika, gjorde som regel aksion og selde alt dei hadde for å skaffe pengar til billetten over. Når stugu var rydda, vart det dans. Den mest kjende er "Aksion på Tande" av Olav Aukrust. Her tek vi med eitt vers:

*Det leid til vårs, det va' holkeføre  
Og svell og måne og uppe glas.  
Og stinn va' stugu og folket øre,  
Og Storén styrlaus att fekk eit ras -  
Og hivde ut gjennom glaset dragspelet.-  
"Jaggu segla det kav på elvegjelet!"  
kneggja Steinbakkjen,  
ør og bråvaken.-  
tru 'kje leiken va' slutt med di:  
"N Per og fela!" skreik mange i.*

Det vart dansa både ute og inne. Kvar av Ottadalsbygdene hadde mange namngjevne dansarsletter og fleire av dei blir framleis omtala som det. Dans og spel var det også på marknader rundt om. Summe reiste på Romsdalsmarknaden. Og når hestedrifta frå Nordfjord for gjennom Ottadalen, vart det "Fjerdingsmarknad" på faste plassar nedover heile Ottadalen. Byhelg var eit omgrep for seg sjølv. Når handelskarar kom heim frå hovudstaden med varer, heldt dei byhelg for å selja eller byte



Bryllup i Skjåk i 1915. Det var Kari og Olav Løkken som gifta seg. Spelmennene fremst til venstre var Torkjell Auale og Jakop Arnestuen. Foto utlånt av Skjåk Historielag



Frå Titanofestivalen i Bismo. Det var stor interesse for desse festivalane og mykje publikum samla. Til høgre er det "Slettede's" som er i elden frå ei scene full av elektronikk. Frå venstre Jens Torkveen, Tarjei Øverbø, Per Kveen, Magnar Slettede og Eivind Bakken. Foto: Ola Gjeilo.

varene sine. Her vart det servert brennevin og spelt opp til dans. Elles vart det rydda i stover rundt om på gardane slik at dansen kunne gå.

Fyrst på 1900-talet starta bygging av ungdomshus, og etter krigen kom bygdahus og samfunnshus der dansen stod både titt og ofte. Ungdomslag og idrettslag eller andre frivillige lag og organisasjonar stod for tilskipingane. Ofte var det basar og når siste trekning var unnagjort, vart salen rydda og dansen kunne starte. Skuleelevane fekk som regel vere med dei to - tre fyrste dansane. Men så fekk dei beskjed om at det var på tide å gå heim. Under krigen forbaud tyskarane dans og offentlege festar. Men folket visste råd. Aldri har så mange feira fødselsdagen sin som i dei åra. Det vart bede i hop til feiring og ved slike høve vanka det ekstra rasjoneeringsmerke på kaffe og sukker. Kvinnfolka hadde med seg sending og karane sto for drikkevarer.

Den viktigaste møteplassen for formidling og læring var kanskje i private heimar. Heimen til Erling Kjøk og kona Helga var ein samlingsstad for mange eldre og yngre spelmenn, og det var ikkje så reint sjeldan spel og song natta igjennom. Ei tid, før hovudvegen gjennom Vårdalen vart ferdig, var Erling ekspeditør for OKB i Garmo. Mange av sjåførane var svært interesserte i musikk, og fleire av dei var spelmenn. Det var ikkje så strengt med rutetider



den tida, så det hende rett som det var at sjåførane kom innom for å prate om eller høyre på musikk. Ein av desse sjåførane var Alfred Bismo. Han spelte gjerne ein leik sjølv før han kjørde vidare med bussen. Ragnar Mallaug var og ein kjærkomen gjest. Han bad helst om å få høyre ein eller fleire slåttar etter Per Spelmann, Sigurd Eggen eller Gaupar'n.

I våre dagar held nok ikkje dansen seg like godt som folkemusikken generelt i Ottadalen. Det er nesten slutt på bygdefestane som var ein viktig arena for å lære danse. Før lærde barn å danse av foreldre eller eldre sysken heime på kjøken- eller fjøsgolv. Eller ungdommen fekk vera med på dansarsletta og på ungdomshus eller bygdahus. Færre bygdefestar fører til at færre ungdomar blir introdusert for gamaldansen og det sosiale livet rundt den. Gamaldans er ikkje lenger allemannseige. For å



Vågå Spelmannslag og Lom Spelmannslag på Landskappleiken i Oslo 1981. Jarnfrid Odde og Ola Grøslund svingar seg i dansen i "Spikersuppa" i Oslo. Foto utlånt av Bjørn Odde.

rette på dette, legg heldigvis både spel- og dansarlag og andre eldsjeler ned eit stort arbeid for å lære både barn, ungdom og vaksne folkedans og gamaldans. Dette har resultert i at t.d. Vågå har fått fram ei gruppe yngre gitarar som har vorte habile hallingdansarar.

### **Kappleikar**

På slutten av 1800-talet vart det lagt til rette for organiserte kappleikar for spel og dans. Den fyrste var i Bø i Telemark i 1888, og den fyrste nasjonale kappleiken var i Bergen i 1896. Men, kappleikane var berre for hardingfele. Det skulle gå mange år før fela skulle bli ein del av den årlege landskappleiken. Den fyrste landskappleiken som vart arrangert i eit typisk feledistrikt, var i Lom i 1954. Her deltok det 40 spelmenn. Vågå har vore arrangør for landskappleiken i 1964, 1996 og 2002 og har utmerka

seg som ein framifrå arrangør for så store arrangement. Lagspel for fele kom ikkje med på landskappleiken før i 1975. Lom Spelmannslag har fjorten singlar på 20 år. To gonger har Lom og Vågå delt fyrste plassen, medan Vågå har vunne lagspel fire gonger. Hans W. Brimi beskreiv det slik: "For ein bygdaspelmann er kappleik 17. mai og julekvelden på same tid. Når snøfonnene dreg seg lenger og lenger baklengs mot høgaste toppane, får han kappleiksjuke og blir lite god å vera i hus med."

Distriktskappleikar er ein anna arena som enkeltspelmenn og lag deltek på. Både Lom, Skjåk og Vågå har vore vertskap. I 2004 var Lom ansvarleg for den største distriktskappleiken som har vore til da. Av nyare dato er Gudbrandsdalskappleiken, som blir arrangert på ulike stader i Gudbrandsdalen kvart år. Jubileumsfestar og minnekonsertar

er andre møteplassar for spelmenn og musikkinteresserte. Seinast var fokus i Skjåk på den musikalske arven som tvillingane Alfred og Mattias Bismo har ført vidare til nye generasjonar.

### Nyare arena

Titanofestivalen vart arrangert for fyrste gong i Skjåk i 1979. Året etter fekk festivalen status som NM i gamaldans. Festivalen vart arrangert på ymse stader årleg fram til 2006 da han vart nedlagt. Landsfestivalen for gamaldans konkurrerte ut Titanofestivalen. I 2008 har Skjåk Spel- og dansarlag ansvaret for dette kjempearrangementet som trekkjer til seg dans- og spelglade folk frå store delar av landet.

Vågå har i mange år hatt to større årlege arrangement. Vågåtreffen med vekt på trekkspel og gamaldansmusikk om hausten, og Folkemusikktreffen i slutten av januar. Liknande arrangement er Grotlitrefren i Skjåk og Vårsleppen på Nordal i Lom. Låte jula ut i Skjåk har vorte eit årleg tiltak. På 1980-talet prøvde Lom Spelmannslag på å starte opp med folkemusikk-pub på Fossheim, og i seinare år har Vågå Spelmannslag prøvd det same.



Det er arrangert ein del gamaldansfestar i løpet av året, t.d. bukkeball med plateinnspeling i Bøverdalen samfunnshus i 2007. LIVEAT I BØVERDALEN er den fjerde utgjevinga frå Bjørn Turtums Gammeldansorkester og omfattar også dvd-opptak frå den tradisjonelle bukkeballen i Bøverdalen. "Turtums" er Bjørn Turtum, Stig Rune Byrøygard, Ole Kristian Gråv, Kolbein Kjørren og Tor Arne Sandviken. Foto: Arve Danielsen, Fjuken.

# Spelmannslag

Landslaget for Spelmenn (LfS) vart stifta i 1923. I tida som kom vart mange lokale spelemannslag stifta. Til å byrje med var ikkje tanken at dette skulle vere noko anna enn ein interesseorganisasjon for spelmenn, men etter kvart byrja fleire av laga med samspel.

Mange var skeptiske til denne måten å spele på og meinte den ikkje var nokon naturleg del av tradisjonen. Enkelte meinte at lagspel kunne gjera skade på



Skjåk spelmannslag har øving rundt 1950. Ståande bak: Jan-Magnus Bruheim, Torstein Sperstad, Magnar Skjelkvåle, Torø Skjelkvåle, Embjørg Vang, Kari Bismo, Hanna Skjelkvåle og Kari Bustad. I midten frå venstre: Ragnar Vang, Rikkar Skjelkvåle, Ola Lien Bustad og Kristen Vang. Fremst Eirik Bustad og Kjellaug Bismo. Foto utlånt av Skjåk historielag.



Skjåk spelmannslag på NU-stemna i Skjåk i 1982. Frå venstre Jo Kolstadløkken, Ragnar Vang, Bjarne Klepp og Magnar Skjelkvåle. Foto utlånt av Skjåk historielag.

folkemusikken fordi det individuelle preget ville bli borte med bruken av noter og arrangement. Men spelmannslaga vart også eit positivt bidrag til folkemusikken fordi det femna om så mange. Her kunne meistrane spele saman med dei langt mindre røynde spelmennene som på denne måten kunne få mykje inspirasjon og lærdom.

I Garmo sysla dei med tankar om å starte spelmannslag så tidleg som på midten av 30-talet. På stiftingsmøtte 8. mars 1942 møtte Ola Moløkken, Johannes Langøygaard, Mattias Bakken og Erling Kjøk. Hans Brimi gav i brev form melding om at han teikna seg som medlem. Laget fekk namnet Spelmannslaget Jakup-Lom. "Å ta det namnet var stortenkt gjort, men tanken var at alle spelmennene, i alle fall i Lom og Skjåk, skulle kunna samlast under det namnet.", skriv Erling Kjøk i Ei Spelmannsoge. Han var leiar i laget fram til 1952, da laget endra namn til Lom spelmannslag. Seinare er namnet endra til Lom Spel- og dansarlag. Nå er Amund Bjørgen leiar.

Vågå Spelmannslag vart stifta i 1952 med Petter Eide som leiar. Avstand og til dels ulik stil gjorde at laget vart delt i Lalm Spelmannslag og Vågåmo Spelmannslag i 1961. Etter om lag 10 år gjekk dei saman att og i 1990 tok det namnet Vågå Spel- og dansarlag. Tor Stallvik er ny leiar. Laget driv opplæring i spel og dans og har vore arrangørar for mange store arrangement som landskappleikar, landsfestivalar, og distriktskappleikar. Laget har vore på mange turar til utlandet.



Gudbrandsdølenes Spelmannslag på Kongsberg i 1982. Bak frå venstre: Rolv Kjøk, Asbjørn Kolden, Reidar Skjelkvåle, Tore Rødølen, Rikard Skjelkvåle, Trond Ole Haug, Per Sæmund Bjørkum og Syver Frøise (Pål Skogum og Fritjov Sole er ikkje med på bildet). Foto utlånt av Knut Kjøk.



Fyrst på 1950-talet vitja eit svensk spelmannslag Ottadalen. Dei hadde konsert både i Vågå og Skjåk. Dette meiner Reidar Skjelkvåle kan ha ført til at spelmennene i Skjåk starta med samspel og at Skjåk Spelmannslag vart stifta. Det er litt usikkert når stiftingsmøtet var, men i 1952 var spelmenn frå Lom invitert til ei samling i Øygaardsskula. Laget vart svært populært i bygda for julefestane dei arrangerte, fyrst i Solheim og seinare i Marlo gren-dahus. Ei periode hadde dei om lag 800 medlem-mar. Laget skipa til lokalkappleik i Nordberg i 1956. Men alt i 1921 var spelmannsmiljøet med på å arrangere det fyrste jubileumsstemnet for Fel-Jakup. Det vart arrangert Fel-Jakup stemne både i 1971 og 1976. Ei stund var det lite aktivitet i laget,

men før OL på Lillehammer i 1994 tok særleg dan-segruppa seg opp. Dei deltok, saman med dansa-rar og spelmenn frå dei andre laga, i opningsse-remonien. Namnet er i dag endra til Skjåk Spel- og dansarlag. Leiar er Randi Rust.

Mange spelmenn tok utdanning eller arbeidde i Oslo, og i 1968 samla spelmennene med stor over-vekt av folk frå Ottadalen seg i Gudbrandsdølenes Spelmannslag. Laget vann mange kappleikar og deltok i fleire radio- og TV program på 1970- og 80-talet.



Vågå spelmannslag ca 1955. Bak frå v.: Leif Løken, Hans Holen, Trygve Nesset, Rolv Sletten, Ola Flaten, Øyvind Skogum. Rekkje tre frå v.: Kristian Garden, Per Bjørkheim, Einar Bergnord, Jorgen Steen, Jakup Skogum, Pål Eide, Pål Sletten, Knut Løkken, Harald Haug. Rekkje to frå v.: Ola Skjedsvold, Arnfinn Oppheim, Pål Andvord, Petter Eide. Fremst frå v.: Karl Nyhagen, Anders Bjørkheim, Ola Eide, Ola Skogheim og Per Brenden. Foto utlånt av Bjørn Odde. Info namn: Lom knipsarlag.



Lom spelmannslag på Otta i 1974. Hans W. Brimi, Amund Bjørgen, Tarjei Øverbø, Johannes Langøygard, Kristen Fyrn, Rolv Brimi og Bjørn Odde. Foto ulånt av Bjørn Odde.

# Spelmenn

Ottadalen er i ei særstilling når det gjeld folkemusikk. Det skal leitast lenge etter å finne så mange spelmenn samla - mange av dei på høgt nivå nasjonalt. Denne historia frå Vårdalen er truleg representativ for heile Ottadalen: "På 1920-talet var det spelmenn og feler i minst femti heimar i Vårdalen. Berre fem plassar var det ikkje fele på, enten fordi dei var gruseleg gudelege eller grådige", vart det sagt. I tillegg var det mange trekkspel og det vart låte der folk treftes. Det seier seg sjølv at med så mange spelmenn var nok ikkje alle i toppklassa. Men breidda og spelgleda mangla det ikkje på.

## *Død Spelmann*

*Vi tykte alle tonar  
Var framande her.  
Vi bad han spele springar  
Om nordavind og ver.  
Han spele så vi spotta,  
Vi spotta han død.  
Vi sa at han døydde  
Av altfor lite brød.*

*Så tok vi til å prata,  
Vi tala han var stor.  
Vi kalla han ein konge  
Og kasta på han jord.  
Men jorda ho var ærleg,  
Ho gøymde han vel.  
Vi sa at han levde.  
Vi tala om ei sjel.*

*Og sidan har det susa  
Ei segn om han her,  
Når andre spele springar  
Om nordavind og ver.  
Vi spotta liv or mange  
Og tala om ein død.  
Vi sa at dei døydde  
Av altfor lite brød.*

Tor Jonsson

Det har funnest mange spelmenn i Ottadalen gjennom tidene, og det er uråd å nemne alle. Likevel vil vi stoppe opp ved nokre få som på ulike måtar har sett spor etter seg i folkemusikken.

Mikkel Spelmann er den fyrste namngjevne felsepelmannen her i bygdom. Han skal ha vore ein gamal mann fyrst på 1600-talet. Om han spelte "fidle" eller "gigje" er det ingen som veit. Utover på 1700-talet er namnet på fleire spelmenn kjent, og dei har truleg brukt ei fele som liknar på dei vi kjenner i dag.

I dansketida var det meste regulert ved kongelege forordningar. Dette også for spelmenn. Ordninga med forpaktarspelmenn, frå 1664 til 1800, gjer at det er råd å finne namn og ein del opplysingar om desse karane i gamle tingbøker og andre offentlege dokument. Landsbygda vart delt opp i "spelområde" der ein spelmann hadde løyve til å ta på seg speloppdrag. For å få løyve, måtte spelmannen prøvast for ein meister i ein by. Deretter måtte han betale avgift til Statsmusikus for alle speloppdrag. Forpaktarspelmannen hadde læregutar som både kunne lære eit yrke og samstundes bli opplært i å spele fele av meistaren.

Lærlingen var med meistaren på speling. Vart det for mange speloppdrag på ein gong, kunne læreguten låte einsleg dersom han var flink nok. Eller forpaktarspelmannen sette bort låtinga til andre spelmenn som han fann gode nok. I Ottadalen vart ein forpaktarspelmann kalla "Musikus". Namnet finn vi i dag att på ein springleik som fleire spelmenn i Ottadalen har brukt på kappleikar. Leiken skal gå attende til fyrste musikus i Lom, Ole Haldogsen. I 1741 fekk han tinglyst tittel og rett som Musicus Instrumentalis i Lom Prestgjeld, dvs. nåverande Lom og Skjåk. Den siste forpaktarspelmannen i Vågå, som da omfatta både Heidal og Sel i tillegg til hovudsoknet, var Aslak Holen (1749 - 1838). Han er i ettertid kalla "Gamel-Holin", og fleire leikje med same namn blir brukt framleis. Ein annan slåttearv etter han er fleire springleikje som går på "Tjorhæl-stille". Andre forpaktarspelmenn var Spelmann-Skårin eller Gamel Skårin (Ola Skår) frå Lalm, som levde frå 1760 til 1848, og Spelmann-Vangjen - Ole Jørgensen Vangje (1748-1811) frå Skjåk. Spelmann-Skårin gjekk til Kristiania for å avlegge spelmannsprøva si for statsmusikus.

## *Fel-Jakup (1821-1876)*

Kjært barn har mange namn; Fel-Jakup, Jakup-Lom, Loms-Jakup, Dølaguten, Felguten, Lø-Jakup, Felstyggen og Sigrid-Marit-guten er namn som har vore brukte på han som truleg er den mest kjende spelmannen på fele. Han har same status her som Myllarguten for hardingfelemusikken. Namnet hans var eigentleg Jakup Olson. Han vart født

i fjøset på Nedre Bruheim i Skjåk. Guten hadde ein tøff oppvekst, og kom tidleg på legd på Hjeltar. Alt da var interessa for musikk der. Den fyrste fela skal han ha fått av spelmennene Lars og Sjugurd i Hjeltartrædet som truleg var dei fyrste læremeisterane hans. Etter det hadde han alltid ei fele med seg uansett kvar han reiste. Dei gjævaste felene var "Storgrålla" og "Rondakatta".

Fel-Jakup byrja å reise tidleg. Alt som tiåring rømde han frå bygda og kom til slutt til Trondheim der han vart sjuk og innlagt på sjukestova. Fyrst i 20-åra brukte han eit par år på å reise saman med Fant-Kal med følgje. Fant-Kal var sjølv ein dyktig spelman som Fel-Jakup nok lærde mykje av. På reisene oppsøkte han spelmenn på Vestlandet, Nordafjells, Hedmarken og nedover Gudbrandsdalen. Han fekk mange nye impulsar på reisene sine. Det var nok hugen til stadig å utvikle musikken som gjorde at han hadde denne utferdstrongen.

Musikkgranskaren dr. philos O.M. Sandvik skriv i boka "Folkemusikk i Gudbrandsdalen" at så vidt han kan forstå kan ingen annan norsk felsepeler, med unntak av Myllarguten, måle seg med Fel-Jakup. I bokverket "Norges musikkhistorie" blir Fel-Jakup framheva som den mest legendariske spelmanen på fele. Han var ein føregangsmann og ein nyskapar i stil og slåttetypar. Fel-Jakup hadde eit uvanleg levande spel som det var vanskeleg å kopiere. Han vart eit ideal for andre spelmenn i samtida og seinare. I boka Ei Spelmannsoge hermar Erling Kjøk etter bestemor si: "Døm si døm læt Fel-Jakup-leikje! D'æ 'kje skuggjen tå døm ein gong!".

I mykje av det som er skrive om Fel-Jakup blir det framheva at han hadde ei heilt spesiell makt over fela og at mest ingen kunne motstå spelet hans. Haugerørsla var sterk i Skjåk da Fel-Jakup levde, men sjølv mange av dei som heldt seg strengast til denne trua, sette seg ned for å høyre på når han let. Det var nok ikkje til å stikke under ein stol at Fel-Jakup drakk mykje og ofte. Når det var gjestbod var det viktig å stelle godt med spelmanen. Det var han som skulle ha skjenk fyrst og sist, og det var skam om spelmanen mangla drikke. Fyrste gjestebodet Fel-Jakup spelte i skal ha vore i 1834 på Elvesæter. Da var han berre 12 år. Det siste var på Kvåle i Skjåk i 1876 det året han døydde.

Mange tykte det var ein uting at han heile tida rak rundt og meinte Fel-Jakup var lat. Han kunne tene store pengar på spelinga si, men oftast drakk han opp det meste av det han fekk. Etterkvart fann han det lurast å sende pengane for spelinga heim til kona og dei seks borna før han sjølv reiste etter.

Sjølv om musikken og spelet hans var eit forbilde for andre spelmenn, hadde han ikkje høge tankar om seg sjølv, og han møtte nok ofte motgang og spott. Likevel var han slik at han ikkje orka å høyre nokon som spelte falskt eller ikkje var gode til å låte. Da kunne han gjerne ta fram fela og spele leiken opp att etter

dei. Såleis slo han nok stellet av mang ein spelman.

Fel-Jakup spelte for mange prominente tilhøyrarar. Det var ikkje uvanleg at han var spelman når det var ball hjå Blackwell på Klones, Gjesling på Sandbu eller Staff på Graffer. Da prins Carl vitja Lom i 1856, vart han leigd inn til å spele saman med Rolv Gaupar. Han møtte Ole Bull og dei let for kvarandre. Ole Bull gav han 10 dalar og meinte det var synd for landet at han ikkje fekk utdanning.

100 år etter at Fel-Jakup vart født, reiste Skjåkverane ein minnestein over han. Svein Kvitingen skaffa fram stein og hogg sjølv inn namnet til Fel-Jakup og ei fele. Da steinen vart reist, var det minnekappleik der mellom andre Olav Aukrust var dommar. Pål Kolstad frå Vågå vann. Det skal ha vore kring 1200 personar tilstades på denne kappleiken. Seinare vart også stova etter Fel-Jakup flytta fra heimen hans, Felodden, til plassen der steinen står.



*Feleguten uvêrsbleik  
lærde låt tå vindom:  
ljoma ein Vindflogo-leik,  
ómen i frå tindom  
anda gjennom all hans trong  
so dei kløkke strengjer song.*

*Midnatts-regne lydde 'n på,  
då kom skaparkveiken.  
Sildrar det som sylv mot malm  
gjennom Dropeleiken.  
Dropane mot malmen fell  
i hans sjel, - som gull i eld.*

### **Rikkar Skjelkvåle (1890-1976)**

I Skjåk var Rikkar Skjelkvåle ein av dei ruvande spelmennene. Per Spelmann var blant læremeisterane hans. Rikkar var eit viktig bindeledd med Fel-Jakupstoff til yngre spelmenn som tvillingane Alfred og Matias Bismo. Slåttearven etter Fel-Jakup og andre hadde han og etter den eldre spelmannen Torkjell Auale, og han laga mange slåttar sjølv. Etter krigen gjekk Rikkar Skjelkvåle og Alfred Bismo saman og samla inn pengar til komponisten David Monrad Johansen, som var fattig og utstøytt etter at han kom på "feil side" under krigen. I 2006 var det ein gild minnekveld for Rikkar Skjelkvåle der mange spelmenn framførte musikk etter han. Det gjorde også yngste sonen Reidar Skjelkvåle, ein framifrå spelmann, som sjølv sagt har ført spelarven etter faren vidare.



Magnar, Reidar og Rikkar Skjelkvåle. Foto utlånt av Rikard Skjelkvåle.



Alfred Bismo. Foto utlånt av Lom knipsarlag.

### **Alfred Bismo (1918-1988)**

Saman med tvillingbroren Matias, er Alfred Bismo ein av dei viktigaste tradisjonsbærarane etter Rikard Skjelkvåle. Bismo-tvillingane fekk fele som betaling for eit skåp som faren laga. Seinare kjøpte dei seg feler for inntekta dei fekk av ikornjakt. Brørne Bismo gjorde mykje for å ta vare på musikken i Skjåk, ikkje minst etter Fel-Jakup. Alfred var fleire gonger på vitjing hjå Per Bolstad i Ålesund, fordi han hadde

mykje musikk etter Fel-Jakup. Han lærde mange leikje av Sigurd Eggen frå Bøverdalen som i sin tur hadde mange Fel-Jakup-slåttar han hadde lært av Per Spelemann. Alfred Bismo samarbeidde med komponisten Johan Kvandal, sonen til David Monrad Johansen. I 1971, 150 år etter at Fel-Jakup vart fødd, tok Alfred Bismo initiativet til eit minnestemne. Eit liknande stemne vart også halde fem år seinare, 100 år etter at Fel-Jakup døydd. Alfred var ein av dei fyrste i Ottadalen som fekk seg magnetofon (bandopptakar). Gjennom opptak av folk som hadde høyrte Fel-Jakup og spelmenn som hadde sikker Fel-Jakuptradisjon, har han gjeve Ottadalen ei verdfull slåttesamling. Han har fått stor heider for arbeidet med å føre denne tradisjonen vidare.

### **Brørne Ola Eide (1901-1982), Pål Eide (1903-1967) og Petter Eide (1912-1994)**

var frå Lalm i Vågå. Dei var gode spelmenn og tradisjonsberarar i dette distriktet på 1900-talet. Mange i slekta var gode spelmenn. Både onkelen Ola Skogheim (1881-1966) og bestefaren Ola Rugsveen (1844-1923) frå Heidal var framifrå dansespelmann i si tid. Dei lærde også mange slåttar av Per Brenden (1886-1963) på Lalm, som i sin tur hadde storspelmannen Iva Bråtå (1827-1916) som hovudkjelde. Ola var felmakar og bygde og velde feler. Der i huset var det mange spelmenn på besøk både titt og ofte. Ivar Kleiven var ofte hjå Ola og bad han alltid låte leiken hans, "Gjermundhallingen". Anders Sørensen besøkte Ola Rugsveen fleire gonger, og Eide-karane lærde alle "Sørensenvalsane" av bestefaren. Ein gong Anders Sørensen såg på at Ola spelte, skal han ha sagt: "Han har så fenomenal bågåhånd at den beste fiolinist kan misunne honom."



Petter, Ola og Pål rundt 1960. Foto utlånt av Lom knipsarlag.



Eistin Skogum. Foto utlånt av Lom knipsarlag.

### Skogumskarane

Eistin Skogum (1893-1984) var frå Heidal og let mykje saman med Ola Rugsveen etter at han flytta til Lalm. Han og kona Anna fekk mange søner som alle spelte fele, så dei kunne stille med eige spelmannslag om dei ville. Pål og Jakup var dei to eldste, og dei lurde seg tidleg til å prøve fela. Medan dei gjekk på skulen, spelte dei ofte til dans. Fyrste gongen Pål var med på kappleik var på Otta i 1933, og han vart helsa spesielt fram av Pål Kluffen: "D'æ nok både gutter og gubber i dala her enda!". Pål hadde ein sentral plass i Gudbrandsdølenes Spelmannslag i Oslo der han var midtpunkt, og han dreiv i mange år opplæring av dei yngre. Han kunne låte all slags slåttar og mange slag musikk. Han spelte slåttar han hadde lært på Lalm og i Vågå, slåttar frå Begnadalen, komposisjonar av Anders Viken og klassiske stykke av Kreisler og Strauss, for å nemne noko.

### Sjugurd Garmo (1896-1991)

var gardgut på Uppigard Garmo. Alt som 3-4 åring var det klart at han hadde fått musikkgevnaden etter mora. Ho var god på trekkspel. Han spelte fyrst munnspele. Seinare fekk han større interesse for fela. Han hadde slekt på Vågå, og fekk tidleg vera med i alle slags lag på storgardane der. Sjugurd vart imponert over og lærde av fleire Vågåspelmenn. Som gardbrukar hadde ikkje Sjugurd tid til å ta på seg bryllaups- og dansespele, men han avløyste gjerne dei andre spelmennene når det høvde seg slik. Han var heller ikkje så ofte med på kappleik. På Landskappleiken i Lom i 1954 deltok han, men fekk ikkje premie. Sjugurd hadde både humor og sjølvironi, og det er hermt mang ei rispe etter han.

Johannes Langøygard fortalde m.a at på ein kappleik let Sjugurd springleiken "O Beret Hellekven". Da spelmennene pratast saman etterpå, sa han Sjugurd: "Nei e' skull vel 'kje låte ho Beret Hellekven. Ho vart for gâmel for meg, ser du!" I seinare år var han med Helene, kona si, på sætra i Kleppdalen. Og det var der han henta inspirasjon til alle dei fine slåttane han laga. Han hadde godt øyra for tonane i naturen, og mange av leikane har namn etter bekker, dyr og lokale stadnamn. Det er musikken i vind og vatn som ligg til grunn i "Kleppdalsbekken", "Vind i noven" og "Synnasno." Mange spelmenn frå Ottadalen har brukt og brukar slåttane hans på kappleik og elles. Lom Spelmannslag har vore sjølvskrivne til å bruke dei, og han sette stor pris på det. Hans Brimi hermde han i eit radioprogram at hadde det ikkje vore for spelmannslaget, så kunne han "likeså godt stungje leikjin sine ni baklumma." Det slapp han. Lom Spelmannslag og spelmennene enkeltvis tek godt vare på Sjugurd-leikjin.



Sjugurd Garmo saman med kona Helene i Kleppdalen. Foto utlånt av Bjørn Odde.



Erling Kjøk og Ola Moløkken. Foto utlånt av Knut Kjøk / Skjåk historielag.

### **Erling Kjøk (1913-1999)**

Erling Kjøk frå Garmo var ein viktig tradisjonsberar for Ottadalsmusikken, mellom anna som sentral kjelde i slåttesamlinga Feleverket-Band 2 Oppland. Han var av spelmannslekt både på mor- og farsida. I farslekta i Valdres var det mange spelmenn og faren hadde med seg både fele og munnharpe da han flytta til Garmo. Erling lærde å spele fele av Rasmus Odde. Seinare lærde han av mange eldre spelmenn t.d av Ola Gjerdet frå Lom, Ola Moløkken frå Garmo, Ola Nystugun frå Vågå og Per Brenden frå Lalm. Gjennom samspel med trekkspel hadde han også eit stort tilfang med trekkspelleikje. Han lærde også mange slåttar og viser av både kar og kvinnfolk som song og hulla. Erling var ein samlar. Han la vinn på å vitje dei gamle spelmennene i Ottadalsbygdene, og var nøye i måten han sorterte stoffet. Han kunne ofte mange former av same slåtten og var svært medviten om detaljar i spelet. I tillegg til å samle slåttar, laga han også mange. Erling hadde ei god songrøyst og kunne mykje vokalstoff. Saman med dottera Jarnfrid, gav han i 1995 ut "Ei Spelmannsøge". Denne boka er forteljinga hans om spelmannstradisjonen og minne han hadde sjølv som spelmann i møte med andre spelmenn, og om spel og dans.

### **Ola Moløkken (1871-1957)**

I Lom er tradisjonen etter Fel-Jakup ført vidare gjennom spelmenn som Per Spelmann, Sigurd Eggen, Ola Åsen og Ola Moløkken. Den fyrste fela Ola hadde, laga han sjølv. Det var nok ikkje så særleg til fele. Mor hans likte ikkje at han "dreiv med slik styggedom og store synd", og han laut gøyme fela si for å ha ho i fred. Ola hadde lært leikje av Else-Lars, Lars Kjørren, og av Per Spelmann og dei hadde slåttar direkte frå Fel-Jakup. Ola var mykje brukt som dansespelmann, og han let da som regel saman med Knut Runningen på trekkspel. Han vart læremeister for både Johannes Langøygaard, Erling Kjøk, Hans W. Brimi og fleire. Ola var han ei viktig kjelde for den eldre slåttetradisjonen, og han laga mange leikje som Vårdølane har ført vidare. Ola hadde alltid med seg fela, og han gjekk gjerne dit han visste at folk vill høyre på og lære. Han spelte mykje i folkemusikkhalvtimen, einsleg eller saman med Erling og Hans. Da "Lykkjen" fylte 75 år i 1947, gjorde spelmennene i Vårdalen fest for han på Uppigard Garmo. Det vart eit gasta lag, og det kom spelmenn frå heile Ottadalen. På 85 års dagen fekk han Kongens fortenestemedalje i sylv for arbeidet med folkemusikken, den fyrste i Ottadalen.

### **Johannes Langøygard (1901-1991)**

Johannes Langøygard var småbrukar og spelman. Han voks opp med song og musikk heime, byrja tidleg å spele og lærde mykje av Ola Moløkken, Sjugurd Garmo og Iva Kolden. Han deltok på mange kappleikar og fekk mange 1. premiar. Han spelte i radio mange gonger, og var ei trufast støtte og god kjelde for Lom spelmannslag. Johannes laga fleire slåttar sjølv, mellom andre "Skjellbergjen", "Nyttårsglede", "På dansarsletta", "Dølaguten" og andre. Johannes hadde god songstemme og var ein god forteljar med sans for humor. Spelmennene har mange risper og hermer etter dei slagferdige og muntre innslaga hans på kappleiksferdene og andre spelmannsamkomer. Musikkarven er ført vidare gjennom barn, barnebarn og oldebarn.



Johannes Langøygard vart utnemnt til æresmedlem i Landslaget for spelmenn i 1981. Foto utlånt av Bjørn Odde.

### **Hans W. Brimi (1918-1998)**

Hans W. Brimi var fødd i Vårdalen og budde der all si tid. Han byrja å spele som 9-åring, og som dei andre i grenda lærde han mykje av Ola Moløkken. I eit par mannsaldrar deltok han på kappleikar og spelte til dans. Hans var ein framifrå stemningskappande formidlar og heldt ei rad konsertar, mellom anna reiste han mykje for Rikskonsertane. Han var på turnear i utlandet fleire gonger - såleis to gonger i USA. I mange år var han ein omtykt lærar på Ole-Bull-akademiet. Han har laga mange slåttar: både hallingar, springleikar, lydarslåttar og runddansar, og som Sjugurd Garmo henta han inspirasjon frå naturen. Han var æresmedlem i LfS og fekk ei rad prisar og utmerkingar. Den gjevast var Kongens fortenestmedalje i gull som han fekk for den store innsatsen han gjorde for folkemusikk generelt og Ottadalsmusikken spesielt. Nesten unikt er det at det er skreve to biografiar: "Hans med fela" og "Den vare tonen", begge ved Arvid Møller. Han var leiar for Lom spelemannslag i over 20 år. Musikktradisjonen er teke vare på og blir ført vidare gjennom både spelmannslaget, elevane Bjørn Odde og Amund Bjørgen, og gjennom barn og barnebarn.



Hans W. Brimi. Foto: Odd Husom.



## Kvinna si rolle i folkemusikken

Det er få spor etter kvinner som spelte fele. Ho Finn-Marte, som levde for svært lenge sidan, hadde to "undestregje" på fela si og det er att ein leik etter henne, springleiken "Finn-Marte". Lomsa var ei anna. Ho skal ha vore med Fel-Jakup på låting på Oppdal ein gong. Blind-Marit kom frå Sel. Ho gjekk også under namnet Blinda eller Blindførkja, og skulle vere god til å låte. Det var nok fleire med gjevnad for felsepel, og sume let i jentelag, men med mange gjekk det nok som med dotter hans Fel-Jakup: "Ho Fel-Kari var eit spelmannsemne tå di store, men ho fekk ikkje lov te å røyve fela for far sine."

"Torø Hyrve frå Skjåk var ekte spelmann", sa Hans W. Brimi. Ho let godt både på trekkspel og fele, og spelte mykje til dans. Gudny Eggen, dotter til spelmanen Sigurd Eggen frå Bøverdalen og Borgny

Eide frå Lalm var gode på fela. Borgny deltok som einsleg jente på fele på mange kappleikar på 50- og 60 talet. Nå er det mange jenter som spelar fele, og i enkelte spelmannslag er dei til og med i fleirtal. Astrid Sulheim frå Lom har utmerka seg i seinare år ved å vinne Landskappleiken.

Om jentene og kvinnfolka ikkje har utmerka seg så mykje som "spelkvinner", har dei gjort ein svært viktig innsats når det gjeld å ta vare på og føre vidare song- og slåtteskatten til nye generasjonar. Dei song og hulla i arbeidet. Dei song og sulla for at ungane skulle sovne.

Vanta det instrument når dei hadde hug til å danse, så hulla dei leiken. Når spelmennene besøkte kvarande for å spele i lag, lære slåtтар av kvarandre eller øve seg før dei skulle spele på ball eller i byllaup, da hørde dei på og kom gjerne med kommentarar dersom spelmennene ikkje spelte slik dei skulle. Ola Eide frå Lalm sa det slik: "Dørm æ' mykjy bære i leikjom dessa gamle kjerringun hell mange tå spelmennom!"

Astrid Sulheim. Foto: GD



# Frå generasjon til generasjon

”Den beste spelmannen du kan lære av, skulle vera fan sjølv eller nøkken”, heiter det i segn. Men det kosta! Ei soge fortel at om du skulle lære å spele, måtte du gje eit spekekjøttlår, men ville du blir stor spelmann, kosta det ei heil ku.

Mang ein leik har fått namn knytt til den nifsaste læremeisteren, sjølvaste Styggen. Mest kjende er vel Fanitullen. I Ottadalen har vi valsen ”Fan i tårne”, ”Gamel-Eirik hallingen” og fleire.

Å lære å spela har vel ikkje endra seg så mykje gjennom tidene. Tradisjonelt har ein yngre elev lært av ein eldre meir erfaren spelmann. Når ein spelmann har lært å bruke fela, ynskjer han eller ho å lære meir av fleire spelmenn for på den måten å lære mange slåttar og ulike slåttetradisjonar. Dei beste spelmennene har som regel hatt mange lærarar. Ein ivrig spelmann reiste på besøk hjå dei eldre, ikkje berre i si eiga grend, men i grannebygdene og gjerne til andre dalføre og. Dei gamle spelmennene var nøye med å lære frå seg ein leik rett, som dei sa. Dei ville at læreguten skulle lære alle strøk, og lære å spele leiken slik dei meinte han skulle vera. Spelmenn som t.d. Iva Bråtå frå Lalm var ein streng, men god læremeister, og han kravde at læregutane skulle kome att og konfirmere leiken. Dei måtte vise at dei hadde lært leiken slik Iva sjølv hadde han.



Bjørn Odde underviser i musikkskulen i Lom og er på den måten med på å føre tradisjonane vidare til nye generasjonar. Her er det Julie Garmo og Anna Solbakken som får ein leksjon. Foto: Visus.

Per Brenden lærde leikje av Iva, og han var ikkje den einaste som fekk beskjed om at: ”Du fæ' lære leiken skikkeleg, for du fæ' neiggu ikkje ut på bygden og fortelja at du har lært'n tå me forutta han er rett!” Det var viktig å ta vare på dei gamle slåttane.

Kva som er rett og gale er ein diskusjon som stadig kjem att. I folkemusikken er det snakk om mange kjelder. Spelmenn og musikken blir påverka på ymse måtar, og det vil alltid vera ein individuell måte å presentere ein leik på. I boka ”Den vare tonen” seier Hans W. Brimi: ”Det er ikkje mogleg å spele ein leik gale. Kvar enkelt spelmann må tolke slåttan ut frå seg sjølv og gje av seg sjølv i spelet”.

Opplæringa har likevel endra seg noko. Den kjende hardingfelespelmannen Sigbjørn Bernhoft Osa hadde studert musikk i Tyskland, og på 1950-talet heldt han fleire felekurs for spelmenn i Ottadalen.

I vår tid er det musikkskular i kvar bygd. Der får elevane opplæring på mange forskjellige instrument av ein spelmann. I tillegg til opplæring i skulen, blir det arrangert kurs som t.d. seminar for unge på Klones. Det meste av musikken er teke opp på band, spelt inn på plate, CD og DVD. Så er det opp til den som vil lære å høyre på leiken mange nok gonger til å lære han skikkeleg.

# Nye former

Folkemusikken er overlevert frå person til person, frå grend til grend og frå land til land. På denne måten blir musikken alltid tilført noko nytt og er i stadig endring. Nye tider fører med seg nye instrument og nye måtar å presentere gamal musikk på.

## Stormti

I høve 200 års jubileet for Evdard Storm, kom Ann-Cathrin Tessnes, Dag Gården, Reidar Svare og Knut Kjøk i 1994 med CD-en Stormti - Edvard Storm viser i gamal og ny drakt. Dølevisene til Edvard Storm var godt kjende i Ottadalen; "Markje grønast, sjogen bråna", "Oss ha gjort kå gjerast skulle" og "Huldre og 'n Eilland" er velkjende og omtykte, likeins "Sinclairvisa" om slaget i Kringom i 1612. I 1996 kom Tidlause Tonar, ei blanding av gamle folkeviser, bårsullar, balladar og skillingviser. I tillegg har dei med eit dikt på 28 vers av Knut Pedersen, seinare Knut Hamsun, som Dag og Knut har tonesett. I 2002 kom "Frå folk te folk" av Dag Gården og Knut Kjøk. På denne CD-en framfører dei folkemusikk etter kjende Ottadalsspelmenn på ein ny og kreativ måte, samstundes som dei respekterar og er tru- faste mot kjeldene sine.



Stormti: Knut Kjøk, Reidar Svare, Ann-Cathrin Tessnes og Dag Gården.  
Foto: Morten Krogvold utlånt av Knut Kjøk.

## LoMsk

I seinare år har vi opplevd folkerockgrupper som tek i bruk heilt nye instrument saman med dei tradisjonelle. Både el-gitar, synthesizer og moderne slagverk. LoMsk starta i 1982 med Lars Bakke i spissen. Besetninga har variert noko i åra som har gått, men er i hovudsak den same. I seinare tid har gruppa knytt til seg Reidar Svare.

LoMsk tek for seg lokale tema, segn og eventyr på CD-ane sine. Den fyrste CD-en, "Song om ei segn", kom i 1994 der det vart teke utgangspunkt i sagnet om Kristen Fangje. Kristen skulle vera forelska i ei ung jente som var budeie på Mysubyttsætrom. Dessverre hadde han ein rival, Tor, som jenta tykte betre om. Kristen skaut han i sjalusi og søkte liket i



Lars Bakke og Lomsk har ført vidare mykje av lokal folkemusikk og kulturhistorie i ei moderne innpakning med fele og trekkspel som sentrale instrument. Her under spelning i Presthaugen tidleg på 2000-talet. Frå venstre: Rune Kjørren, Lars Bakke, Reidar Svare, Ole Foss, Trond Volden og Hans Bakke. Foto: Visus.



Samarbeidet mellom Vågå Spelmanslag og Brazz Brothers har vore ein stor suksess. Her under øving i Vågå. Foto: GD.

eit vatn. Tor vart sakna. Det vart sett i gang leitekaksjon, og han vart funnen. Kristen gøymde seg i fjellet, men han såg ned i dalen att nå og da. Den dagen Tor skulle førast til grava, sat Kristen i Skeidshole i Bispeberget og såg på likfølget, og han let ein munnharpeleik som i dag er kjent som Kristen Fangje. Han vart seinare stilt for retten og avretta med sverd.

I 1998 kom så "LoMsk", som var produsert av Åge Aleksandersen. "Bukkerittet" i 2004 var innspelt og produsert i Skjåk Musikk og Lydstudio og var basert på historia om Peer Gynt.

"Amerikabrevet" kom i 2007 og handlar om utvandringa til Amerika. Gruppa har vore på Norsktoppen mange gonger, blir ofte spelt i radio, er ettertrakta som konsert- og dansespelmenn og var nominerte til Spellemannsprisen i 2007.

### "Brazzmannslaget"

Vågå Spel- og dansarlag er innovative og har starta eit fruktbart samarbeid med Brazz Brothers. Dei har danna verdas fyrste "Brazzmannslag", og ga i 2007 ut CD-albumet "Vågåblot" med spesialarrangert tradisjonsmusikk frå Ottadalen og nye komposisjonar av Brazz Brothers.

Under Landsfestivalen i gamaldans i 2007 hadde dei stor konsert og i vinter var dei på konsertturné på Vestlandet. Kritikken frå konserten i Ålesund kulturhus er strålende: "Samspelet ruska og riv med heilt spesiell snert. Foten går.

Du får lyst til å danse! Det seier ikkje reint lite. Vågå Spelmanslag er heilt heime i det dei driv med. Ein sann svir å oppleve. ... Det er langt mellom daudpunkta. Faktisk ikkje eitt einaste heile kvelden..."



# Folke- musikkens hus

Sverige har for lengst fått sitt folkemusikkens hus. I Vågå er det nå gjennomført eit forprosjekt med sikte på å få til eit Regionalt Folkemusikkens Hus. Tanken er å samle kompetanse og mange ulike funksjonar under same tak, slik som folkemusikkarkiv, kursverksemd, lydstudio, øvingslokale, konsertlokale, arrangementskontor, instrumentmakar og resepsjon med butikk. Det er tenkt å lage eit opplevingsssenter, og såleis ligg det også eit element av turistattraksjon i prosjektet. Målet er næringsutvikling knytt til folkemusikken. Klones kan vera ein aktuell stad for etablering av Folkemusikkens Hus i Nord-Gudbrandsdalen.

Magnar Sundt, leiar i LfS, har vore med i referansegruppa for prosjektet og har stor tru på at dette kan bli realisert. På spørsmålet, kva er vitsen med eit Folkemusikkens hus, seier han: "Å utvikle samspel mellom folkemusikk og næring. Det vil vera like mykje snakk om å skape inntekt - både direkte og indirekte - som at dette skal bli ein utgiftspost. Dei lokalsamfunna som overlever i Bygde-Norge er dei som klarer å lage så gode tilbod at folk vil bu der eller vil reise dit for å oppleve noko."

## *Skriftlege kjelder:*

- Bjørn Aksdal og Svein Nyhus: Fanitullen - Innføring i norsk og samisk folkemusikk
  - Aksdal, Buljo, Fliflet, Løkken: Trollstilt, lærebok i tradisjonsmusikk, Gyldendal 1998
  - Olav Aukrust: Dikt i samling, Gyldendal Norsk Forlag
  - Mary Barthelemy: Spellmann på dromen, Rørosmuseum
  - Aslak Opsahl Brimi: Bergtikjin Fele
  - Hans P. Hosar: Bygdabok for Skjåk, band 3
  - Erling og Jarnfrid Kjæk: Ei spelemannsøge
  - Jarnfrid Kjæk og Magnar Sundt: Folkemusikk og folke musikkutøvarar i Norge, Notabene Forlag
  - Ivar Kleiven: Lom og Skjåk, H. Ascheoug & Co, Oslo
  - Leif Løchen: Frå skorofele til salmodikon, Nord-Gudbrandsdal Folkemusikkarkiv
  - Maihaugen Årbok 1996, I song og fløyte- og felelåt - musikk og dans i Gudbrandsdalen
  - Arvid Møller: Den vare tonen og Hans med fela
  - O.M. Sandvik: Folkemusikk i Gudbrandsdalen, Johan Grundt Tanum forlag
  - Norges Musikk Historie
  - Reidar Sevåg: Det gjallar og det læt - Frå skremme- og lokkereiskapar til folkelege blåseinstrument
  - Store Norske Leksikon bind 5, Kunnskapsforlaget
  - Ivar Teigum: Bygdabok for Vågå og Sel band 3
  - Mathias Øvsteng: Vågå spel- og dansarlag 1952-1992
  - Årbok for Gudbrandsdalen, Dølaringen, 1930, 1971, 1989, 1990, 1993
- lomsk.no jutullaget.no turtums.no folkemusikk.no

## *Munnlege kjelder:*

Ola Grøslund, Vågå  
Knut Kjæk, Garmo  
Leif Løchen, Vågå  
Stein Magne Eggen, Lom/Oslo  
Randi Rust, Skjåk  
Rikard Skjelkvåle, Skjåk  
Reidar Skjelkvåle, Oslo

## *Takk for hjelp med fotografi:*

Asbjørn Myrhaug, Garmo  
Lom Knipsarlag  
Sylfest Lykre, Skjåk  
Skjåk Historielag  
Bjørn Odde, Garmo  
Knut Kjæk, Garmo  
Odd Husom, Lom  
Aase Marstein, Lom  
Leif Løchen, Vågå  
GD  
Fjuken / Arve Danielsen  
PS Foto, Skjåk  
Rikard Skjelkvåle, Skjåk  
Rolv Brimi, Garmo